



PRESSEMELDING

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal
Frå: Nav Møre og Romsdal
Dato: 28. november 2024
Emne: PRESSEMELDING - Sjukefråvær 3. kvartal 2024

Størst auke i sjukefråværet blant unge vaksne i Møre og Romsdal

I tredje kvartal 2024 auka det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal frå 4,9 prosent til 5,1 prosent samanlikna med same kvartal i 2023, ei auke på 4,2 prosent. Dette er ei mindre auke enn samla for landet, der sjukefråværet går frå 4,8 prosent til 5,1 prosent.

Auke i sjukefråværet i dei fleste aldersgrupper

Det siste året er det ei auke i sjukefråværet i alle aldersgruppene, unntatt for dei under 20 år, der sjukefråværet 3. kvartal i år er det same som 3. kvartal i fjor. Størst auke er det blant dei mellom 20 og 30 år, og mist auke er det blant dei over 55 år. Blant dei mellom 20 og 25 er auken i fråværet det siste året på 11,9 prosent, medan for dei mellom 25 og 30 år er det ei auke på 8,2 prosent. Av dei over 20 år er det auken minst i aldersgruppa 55-59 år, med 0,5 prosent.

Det er lågast sjukefråvær i dei yngste aldersgruppene frå 16-19 år, der sjukefråværet er på 1,3 prosent. Aldersgruppa 20 til 24 år har hatt den største prosentvise auken, frå 2,7 prosent i 2023 til 3,0 prosent i 2024, ei auke på 11,9 prosent. Mange i desse yngste aldersgruppene er under utdanning, og til saman er under 5 prosent av dei avtalte dagsverka i desse to aldersgruppene.

Blant dei frå 25 år og oppover er sjukefråværet ganske jamt fordelt. Lågast er det blant dei frå 25-29 år, med et fråvær på 4,8 prosent, og for dei mellom 40 og 44 år med et fråvær på 5,0 prosent. Høgast fråvær er det blant dei to eldste aldersgruppene. Blant dei i alderen 60 - 64 er fråværet 6,6 prosent i tredje kvartal 2024, medan dei frå 65 - 69 år har eit fråvær på 6,0 prosent.

Framleis auke i psykiske lidningar


Psykiske lidningar er den nest største kategorien med 23,6 prosent, og har auka jamt frå 2019 til 2024. Dette kan indikere aukande psykiske helseutfordringar i fylket. Frå 3. kvartal i fjor til 3. kvartal i år er det ei auke frå 84 200 tapte dagsverk til 90 500 tapte dagsverk for dei med psykiske lidningar. Dette svarer til 23,6 prosent av alt sjukefråvær, opp frå 23,4 prosent i 3. kvartal 2023.

Kategorien muskel-/skjelettlidningar utgjer den største delen av sjukefråværet med 36,5 prosent. Sjølv om det er ein nedgang frå tidlegare år, er det framleis den mest dominerande årsaka til fråvær.


Nav Møre og Romsdal

Kontaktperson: Direktør Stein Veland // telefon 930 33 656

Figur 1: Sjukefråværet i 3. kvartal sidan 2015 – prosent



Figur 2: Sjukefråvær i Møre og Romsdal og landet sidan 1. kvartal 2015 – prosent



Tabell 1: Sjukefråvær i Møre og Romsdal i 3. kvartal i prosent fordelt på alder

3. kvartal	2020	2021	2022	2023	2024	Endrings-prosent
I alt	4,6 %	4,9 %	4,9 %	4,9 %	5,1 %	4,2 %
16-19 år	1,1 %	1,3 %	1,2 %	1,3 %	1,3 %	-0,3 %
20-24 år	2,2 %	2,7 %	2,9 %	2,7 %	3,0 %	11,9 %
25-29 år	3,8 %	4,4 %	4,4 %	4,4 %	4,8 %	8,2 %
30-34 år	4,4 %	5,1 %	4,8 %	5,2 %	5,2 %	1,5 %
35-39 år	4,3 %	4,6 %	4,8 %	5,2 %	5,5 %	5,5 %
40-44 år	4,5 %	4,8 %	4,6 %	4,8 %	5,0 %	4,3 %
45-49 år	4,7 %	4,9 %	5,1 %	5,0 %	5,1 %	2,6 %
50-54 år	5,1 %	5,3 %	5,4 %	5,3 %	5,7 %	5,8 %
55-59 år	5,9 %	5,5 %	5,6 %	5,7 %	5,8 %	0,5 %
60-64 år	6,9 %	7,0 %	6,6 %	6,4 %	6,6 %	3,0 %
65-69 år	6,0 %	5,9 %	6,2 %	5,9 %	6,0 %	0,8 %

Tabell 1: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 3. kvartal - i prosent etter diagnose

3. kvartal	2019	2020	2021	2022	2023	2024
I alt	100	100	100	100	100	100
Allment og uspesifisert	4,7	4,9	5,6	6,6	7,9	7,7
Andre lidelser	9,8	9,7	8,4	8,2	8,2	8,3
Hjerte- og kar sykdommer	4,3	4,4	4	3,5	3,5	3,1
Muskel-/skjelettlidelser	42,2	41,9	41,1	37,3	37,2	36,5
Psykiske lidelser	19,6	18,7	20,1	21,7	23,4	23,6
Svangerskapssykdommer	4,9	4,3	5,2	4,3	4,5	4,9
Sykdom i fordøyelsesorganene	4,8	5	4,2	4,5	5,1	4,5
Sykdommer i luftveiene	4	5,5	5,9	8,5	4,4	5,5
Sykdommer i nervesystemet	5,6	5,4	5,3	5,3	5,7	5,9
Ukjent	*	*	*	*	*	*

Tabell 2: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 3. kvartal 2024 - prosent etter fylker og kommunar

	3.kv 2020	3.kv 2021	3.kv 2022	3.kv 2023	3.kv 2024	Endring siste år
Landet	4,4 %	4,5 %	4,6 %	4,8 %	5,1 %	6,5 %
Fylker	3.kv 2020	3.kv 2021	3.kv 2022	3.kv 2023	3.kv 2024	Endring siste år
Agder	4,8 %	4,9 %	5,0 %	5,2 %	5,5 %	5,8 %
Akershus	4,2 %	4,3 %	4,5 %	4,8 %	5,3 %	9,4 %
Buskerud	4,6 %	4,6 %	4,8 %	5,0 %	5,2 %	5,2 %
Finnmark	5,2 %	5,2 %	5,3 %	5,5 %	5,6 %	1,9 %
Innlandet	4,8 %	4,8 %	4,9 %	5,0 %	5,2 %	2,7 %
Møre og Romsdal	4,6 %	4,9 %	4,9 %	4,9 %	5,1 %	4,2 %
Nordland	5,2 %	5,4 %	5,3 %	5,5 %	5,6 %	3,0 %
Oslo	3,5 %	3,6 %	3,8 %	4,1 %	4,5 %	8,8 %
Rogaland	4,0 %	4,1 %	4,1 %	4,2 %	4,5 %	7,1 %
Telemark	4,9 %	4,9 %	5,1 %	5,2 %	5,4 %	3,5 %
Troms	4,9 %	5,0 %	5,0 %	5,3 %	5,7 %	8,8 %
Trøndelag	4,4 %	4,6 %	4,6 %	4,9 %	5,1 %	3,7 %
Vestfold	4,4 %	4,6 %	4,7 %	5,0 %	5,4 %	7,8 %
Vestland	4,5 %	4,6 %	4,7 %	4,8 %	5,2 %	7,3 %
Østfold	4,9 %	4,9 %	5,3 %	5,6 %	6,0 %	8,9 %
Kommuner	3.kv 2020	3.kv 2021	3.kv 2022	3.kv 2023	3.kv 2024	Endring siste år
1505 Kristiansund	4,7 %	5,2 %	5,2 %	5,1 %	5,1 %	0,0 %
1506 Molde	4,3 %	4,9 %	5,0 %	4,8 %	4,9 %	0,6 %
1508 Ålesund					4,9 %	
1511 Vanylven	6,5 %	6,5 %	6,7 %	7,2 %	7,3 %	2,1 %
1514 Sande	5,1 %	5,3 %	4,3 %	5,8 %	4,7 %	-17,7 %
1515 Herøy	5,1 %	5,7 %	5,1 %	4,6 %	5,3 %	14,1 %
1516 Ulstein	3,5 %	4,2 %	4,3 %	3,7 %	4,4 %	17,3 %
1517 Hareid	5,0 %	4,9 %	5,2 %	4,2 %	5,4 %	28,2 %
1520 Ørsta	5,0 %	5,4 %	4,6 %	4,8 %	5,4 %	12,5 %
1525 Stranda	4,7 %	4,9 %	4,7 %	5,2 %	4,7 %	-11,0 %
1528 Sykkylven	4,6 %	4,4 %	4,8 %	5,4 %	5,7 %	5,3 %
1531 Sula	4,9 %	4,7 %	4,7 %	4,9 %	5,4 %	9,7 %
1532 Giske	5,1 %	5,2 %	5,4 %	5,9 %	6,0 %	2,0 %
1535 Vestnes	5,9 %	4,8 %	5,4 %	4,8 %	6,1 %	26,9 %
1539 Rauma	4,3 %	5,1 %	4,9 %	4,9 %	5,1 %	3,5 %
1547 Aukra	4,9 %	4,9 %	4,8 %	5,7 %	5,1 %	-10,7 %
1554 Averøy	5,1 %	6,3 %	5,7 %	5,8 %	5,8 %	-0,3 %
1557 Gjemnes	4,7 %	5,0 %	4,7 %	4,4 %	5,0 %	14,2 %
1560 Tingvoll	5,7 %	4,9 %	6,0 %	4,7 %	6,0 %	27,8 %
1563 Sunndal	3,3 %	3,3 %	3,5 %	3,7 %	4,1 %	10,5 %
1566 Surnadal	4,5 %	4,9 %	5,0 %	4,6 %	4,5 %	-1,9 %
1573 Smøla	6,0 %	6,8 %	5,9 %	6,4 %	6,1 %	-4,9 %
1576 Aure	5,1 %	4,8 %	5,4 %	5,3 %	5,1 %	-4,9 %
1577 Volda	4,4 %	5,3 %	5,3 %	5,0 %	5,9 %	17,6 %
1578 Fjord	4,6 %	5,4 %	5,0 %	5,9 %	5,8 %	-1,1 %
1579 Hustadvika	5,0 %	5,1 %	5,0 %	4,7 %	5,3 %	13,2 %
1580 Haram					4,7 %	
Sum Haram og Ålesund	4,4 %	4,4 %	4,5 %	4,9 %	4,9 %	-0,5 %